



## Årsregnskap for regnskapsåret 2010

Organisasjonsnr: 980 518 043  
Navn/foretaksnavn: SUNNFJORD GOLFKLUBB  
Forretningsadresse: Golfbanen Bjørkelia  
6847 VASSENDEN

Brønnøysundregistrene  
24.03.2023

---

### Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)

Organisasjonsnummer: 974 760 673





**Resultatregnskap for 2010**  
**SUNNFJORD GOLFKLUBB**

	Note	2010	2009
Salgsinntekt		1 225 546	1 325 562
Annen driftsinntekt		125 855	82 920
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 351 401</b>	<b>1 408 482</b>
Lønnskostnad		(336 880)	(374 819)
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendi		(114 772)	(131 057)
Annen driftskostnad		(767 280)	(725 001)
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>(1 218 931)</b>	<b>(1 230 877)</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>132 470</b>	<b>177 605</b>
Annen renteinntekt		1 401	2 309
Annen finansinntekt		2 516	0
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>3 917</b>	<b>2 309</b>
Annen rentekostnad		(143 589)	(176 478)
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>(143 589)</b>	<b>(176 478)</b>
<b>Netto finans</b>		<b>(139 672)</b>	<b>(174 169)</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>(7 202)</b>	<b>3 435</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>(7 202)</b>	<b>3 435</b>
Ekstraordinære poster		0	5 950
<b>Arsresultat</b>		<b>(7 202)</b>	<b>9 385</b>
<b>Overføringer</b>			
Udekket tap		(7 202)	9 385
<b>Sum</b>		<b>(7 202)</b>	<b>9 385</b>



**Balanse pr. 31. desember 2010**  
**SUNNFJORD GOLFKLUBB**

	Note	2010	2009
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2	3 011 503	3 071 047
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og ligner		220 925	276 153
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>3 232 428</b>	<b>3 347 200</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler		250	250
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>250</b>	<b>250</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>3 232 678</b>	<b>3 347 450</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		31 250	2 200
<b>Sum fordringer</b>		<b>31 250</b>	<b>2 200</b>
Bankinnskudd, kontanter og lignende		(61 097)	(193 338)
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>	3.	<b>(61 097)</b>	<b>(193 338)</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>(29 847)</b>	<b>(191 138)</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3 202 832</b>	<b>3 156 312</b>



**Balanse pr. 31. desember 2010**  
**SUNNFJORD GOLFKLUBB**

	Note	2010	2009
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Annen innskutt egenkapital	4	747 800	715 800
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>747 800</b>	<b>715 800</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Udekket tap		(29 313)	(22 111)
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>(29 313)</b>	<b>(22 111)</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>718 487</b>	<b>693 689</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner		2 304 989	2 324 993
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>	5	<b>2 304 989</b>	<b>2 324 993</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>2 304 989</b>	<b>2 324 993</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		(6 053)	8 789
Skyldige offentlige avgifter		56 920	44 519
Annen kortsiktig gjeld		128 489	84 323
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>179 356</b>	<b>137 630</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>2 484 345</b>	<b>2 462 623</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>3 202 832</b>	<b>3 156 312</b>

Skei 16.02.2011

Ole Jacob Bye  
leiar

Leiv Arseth  
nestleiar

Eva Soneson

Arnar Helgheim

Tor Olav Anderssen



## SUNNFJORD GOLFKLUBB Notar til rekneskapen for 2010

### Rekneskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

#### a) Driftsinntekter

Inntektene vert inntektsført etter kvart som dei er opptent.

#### b) Omløpsmidlar/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er postar som forfell til betaling innan eit år.

#### c) Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande.

### Note 1. Lønnskostnader

	2010	2009
Lønn	271.780	295.785
Avsette feriepengar	28.872	37.033
Arbeidsgjevaravgift	32.283	35.633
Pensjonskostnader	3.945	6.368
<b>Sum</b>	<b>336.880</b>	<b>374.819</b>

Det er ikkje betalt honorar til styret, revisor, dagleg leiar eller andre.

### Note 2. Anleggsmidlar

	Golfanlegg	Bygningar	Maskiner	Sum 2010	Sum 2009
Kostpris 1.1	1 582 440	1 752 650	873 608	4 208 698	4 208 698
Tilgang					
Avgang					
Kostpris 31.12	1 582 440	1 752 650	873 608	4 208 698	4 208 698
Akkumulerte avskr. 1.1	0	264 043	597 455	861 498	
Akk. avskrivningar 31.12	0	323 587	652 683	976 270	861 498
Balanseført verdi 31.12	1 582 440	1 429 063	220 925	3 232 428	3 347 200
Årets avskrivningar	0	59 544	55 228	114 772	131 057

### Note 3. Bankinnskott, kontantar og liknande

Skattetrekksmidlar på bunden konto er kr 325,- pr. 31.12.10.

### Note 4. Spelerett medlemmer



Tilgang i 2010 var kr 32 000, totalt pr. 31.12.10 kr 747 800.

**Note 5 Langsiktig gjeld**

Lån 3706.03.35207 i Sparebanken Sogn og Fjordane er avdragsfritt også i 2010. Lånet utgjør kr 2 233 332 og har pant i alle aktiva.

Lån 3706.10.52756 i Sparebanken Sogn og Fjordane. Betalt avdrag kr 20.004,- Lånet utgjør pr. 31.12.10 Kr 71.657



Brønnøysundregistrene

Regnskapsregisteret



VEDLEGG TIL ÅRSREGNSKAP

2011

Brønnøysundregistrene  
Regnskapsregisteret  
8910 BRØNNØYSUND

SUNNFJORD GOLFKLUBB Postboks 48 6847 VASSENDEN	Organisasjonsnr.	FLI
	980 518 043	FRIV

Registrerte opplysninger per 26.03.2011		Eventuelle endringer dette regnskapsåret	
Startdato	Avslutningsdato	Startdato	Avslutningsdato
01.01.2011	31.12.2011		
Konsernforhold Foreninger som følger regler for frivillig virksomhet, kan ikke være morselskap	Morselskap <b>NEI</b>	Endret konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselskap <input type="checkbox"/> Ikke morselskap	

Årsregnskapet er satt opp etter reglene for frivillig virksomhet  Avkrysning er kun aktuelt for foreninger (FLI) som er registrert i Frivillighetsregisteret

Hvis enheten ikke følger norsk regnskapslov eller frivillighetsregisterloven, kryss av  IFRS/ Forenklet IFRS selskap  IFRS/ Forenklet IFRS konsern

Hvis enheten velger å avvike fra regnskapsloven § 6-1, kryss av  Funksjon selskap  Funksjon konsern

Følges regnskapsreglene for små foretak?  Ja  Nei

Jeg bekrefter at vedlagte årsregnskap er fastsatt av kompetent organ den Dato  
Sted/dato, Underskrift av representant for enheten *[Signature]* Vasseenden 19/4-11

Bare til bruk for Regnskapsregisteret

G  NYVE  Admr  Kregn Ja  Nei  Utt kregn

M  Rets  Ant.s

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
ov.b	årsb	res	bal	e.bal	gj.bal	rev	i-rev	k-res	k-bal	k-n	k-rev	i-k-rev	n		
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
atm.n	kto	d.k	ik-fv								funk	u.off	brev		



BR-1001-09





Til årsmøtet i  
Sunnfjord Golfklubb

### REVISJONSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2010

Vi har gjennomført ein begrensa revisjon av Sunnfjord Golfklubb sitt rekneskap for 2010. Årsrekneskapet som består av resultatrekneskap og balanse er avgitt av golfklubben sitt styre. Det er leiinga i golfklubben som er ansvarleg for rekneskapet. Vår oppgåve er å avgje ein uttale om rekneskapet basert på vår begrensa revisjon.

Ein begrensa revisjon er i hovudsak begrensa til førespurnader til føretaket sitt personale og analytiske kontrollhandlingar retta mot rekneskapsmaterialet, og gjev difor mindre grad av sikkerheit enn ein revisjon.


Vi har ikkje fått kjennskap til høve som gjev grunn til å anta at det framlagde rekneskapet ikkje er utarbeida i samsvar med lov og god rekneskapsskikk.

Vassenden 28. februar 2011

Kathrine Bergset

Kathrine Bergset

Tom Hansen



## Årsmøte 2011

### SunnFJORD GOLFKlubb

**Rica Sunnfjord Hotel - torsdag 3. mars 2011**

#### Sakliste:

1. Konstituering:
  - a. Val av ordstyrar
  - b. Val av referent
  - c. Val av to til å skrive under møtebok.
2. Årsmelding 2010
3. Rekneskap
4. Fastsetting av medlemskontingentar, speleavgift og dugnadsbetaling
  - Drøfte omlegging av medlemskontingent og spelerett
5. Framlegg om ny målsetting for Sunnfjord Golfklubb
6. Budsjett 2011
7. Val etter vedtektene
  - a. 2 styremedlemmer
  - b. Leiar for 1 år
  - c. Nestleiar for 1 år
  - d. Representantar til å møte i dei organisasjonar som laget er medlem i.



## Sak 2

### Årsmelding 2010

#### Styret si samansetning

Leiar:	Ole Jacob Bye *
Nestleiar/baneansvarleg:	Leiv Årseth *
Styremedlem:	Thor Olav Andersen
Styremedlem:	Arnar Helgheim
Styremedlem:	Ewa Sonesson *

1.vara:	Ida Berqvam *
2.vara:	Stig Sunde *

\* = på val

**Dagleg leiar/sekretær** Leiv Årseth / Donovan Goosen

#### Grupper, utval, komitear, ansvarlege

Bane- og byggekomité:

Leiv Årseth, Odd Anders Vie, Ole Jacob Bye

Veien til golf-ansvarleg:

Donovan Goosen

Handicapkomité:

Ole Jacob Bye

Instruksjon:

Donovan Goosen

Klubb utvikling:

Leiv Årseth

Kvinnekontakt:

Ewa Sonesson

Barn/junior-kontakt:

Inger Jorun Årseth

Turneringskomité:

Thomas Fraas, Arnar Helgheim, Odd Anders Vie, Donovan Goosen

Valkomité:

Ola Håheim, Sveinung Nordtveit, Roy Svalheim

Seniorkomité:

Ove Hagerup Larsen, Lars Sæterdal

Disiplinærkomité:

Torgeir Årdal, Roy Svalheim

Banemannskap:

Leiv Årseth, Donovan Goosen

Ansvarleg - politiattest:

Ole Jacob Bye

#### Styremøter

Styret har hatt månadlege møter gjennom heile året, med nokre ekstrasamlingar.



#### **Dagleg leiar**

Leiv Årseth har på vegne av styret hatt den daglege oppfølginga i lag med klubbsekretær Donovan Goosen

#### **Pro**

Sesongen 2010 var pro Donovan Goosen sin sjette sesong i Sunnfjord Golfklubb. Aktiviteten rundt undervisning og pro-arbeid er godt etablert, og Donovan er ein viktig miljøfaktor i klubben.

#### **Butikk**

Pro Donovan Goosen har hatt ansvar for butikken i eigen regi.

### **Baneutvalget**

Medlemmene gjekk 2010 i møte med stor spenning, sterkt prega av ein langt frå ideell 2009-sesong. Det året vart prega av resåing av greenar og langvarig spel mot provisoriske holplasseringar. Mykje arbeid og ressursar måtte til for å forsøke å få bana opp på det nivået Sunnfjord GK har som mål å vere på. På førre årsmøte var alle spente på korleis bana ville klare seg over vinteren.

Dei store snømengdene forsvann etterkvart, og det viste seg på vårparten at vinteren hadde lagt godsida til denne gang. Greenar og fairwayar hadde tatt svært lite skade, og dei nye greenane var godt på veg til å sette seg. Allereie tidlig i sesongen kunne klubben by på ei fantastisk flott bane.

I løpet 2010 vart hol 4/13 forlenga med utslag lenger bak og ny green bygd inn i skråninga like under utslaget på hol 9. Dette førte til at både hol 4 og 13 no spelast som par 5-hol, slik at banas par no er 71. Arbeidet med ny green på hol 8/17 er også godt i gang. Dessverre tillet ikkje økonomien påfyll av sand, såing og ferdigstilling i 2010, men vi har godt håp om at dette skal skje på vårparten 2011. I sum meiner vi desse tiltaka har gjort bana endå betre og meir attraktiv å spele på.

Det vurderast fortløpande tiltak som ytterlegare kan auke kvaliteta på banen, og eitt av dei er å legge om til kunstgrasgreenar. Økonomien set foreløpig ein stoppar, men ein må rekne med at det berre er eit spørsmål om tid før kunstgrasgreenar må på plass. Forhåpentlegvis blir sesongen 2011 god, slik at ein får tid til å utrede finansieringsmoglegheiter og forberede klubben på eit slikt løft.

Sunnfjord GK har som uttalt mål at vi skal tilby den beste golfbana mellom Bergen og Ålesund, og det meiner vi stemmer per dags dato. Drifta av ein bane av slik kvalitet kostar imidlertid pengar. Banefondet går uavkorta til forbetring av bana, og ein kan berre oppfordre alle om å bidra. Dei nye greenane på hol 4/13 og 8/17 hadde ikkje blitt verkelegheit utan dei summene og den arbeidsinnsatsen ei rekkje medlemmer har sett i stand til å bidra med.

På vegne av banekomiteen,  
Ole Jacob Bye



## Veien til golf (VTG) 2010

"Grønt kort" vart frå og med 2010 erstatta av opplegget "Veien til golf" (VTG). Norges Golf forbund vedtok i 2009 å innføre nye retningslinjer som skal gjelde for nybegynneropplæringa. Målet er å gi nye spelarar ein mest mogleg praktisk og positiv tilnærming til golfen, og slik senke terskelen for å begynne med golf.

Sesongen 2010 hadde vi 9 deltakarar med på VTG-kurs. Alle saman har meldt seg inn i klubben.

Vassenden 23. februar 2011  
Donovan Goosen

## Barn og Golf

Torsdag 20 mai var første treningsdag for "Barn og Golf" i år. Treningane har i år som i fjor vore på torsdagar. I år har vi køyrd treningane i to puljer, ei pulje frå kl 1800 til 1900 og ei pulje frå kl 1900 til 2000. Barn og Golf har disponert driving rangen på torsdagar frå kl 1745 til kl 2000. Dette har gjort det muleg å gjennomføre treningar for så mange barn desse dagane. Det var stor pågang av påmeldingar, som resulterte i venteliste. Var diverre nokon få vi ikkje hadde plass til.

I år fekk alle ein B&G-buff og aktivitetshefte inkludert i treningsavgifta.

Kvar trening har vore planlagt på førehand og bestått seg av mange ulike øvingar, både på driving rangen, puttingområdet, bunker og pitchingområdet. Vi har laga golfbane i miniatyr på driving rangen. Barna har fått lov å prøve seg på hol 1. Mange ulike typar stafettar har vore populære. Treningane har vore lagt opp til at barna skulle få evner både praktisk og teoretisk til å klare puttemerket og bronsemerket (for dei som tok puttemerket i fjor). Gjennom mange leikande øvelsar og litt innputta teori i praksis har barna utvikla seg mykje. Ser at øvingar der leik er framtreddande fungerer godt. Bør ikkje terpe for mykje på det som er litt for vanskeleg å mestre med ein gong. Barna har vore flinke.

Nokon er etterkvart begynt opparbeide seg større ferdigheiter. Dette set krav til å utvikle treningsopplegget vidare før neste sesong.

Mot slutten av sesongen gikk 27 barn opp til putte- eller bronsemerke.

Sesongavslutning 2. september med utdeling av putte og bronsemerke, kaker, saft og kaffi. Delte også ut ein buff som Sparebanken Sogn og Fjordane sponsa oss med, takk til dei. Kvelden vart starta med "Elefantbunker-stafett".

### Annonsering:

- Ei annonse i Firda om oppstart "Barn og Golf" treningar med info om påmelding.
- Plakatar som vart hengt opp ulike stadar på Vassenden.
- Info om "Barn og Golf" på nettsida til Sunnfjord GK.
- Direkte e-post til alle vi hadde e-post adresse til frå året før.

### Utstyr:

Før sesongstart vart det bestilt diverse køller med Donovan – grunna leveranseproblem kom aldri desse køllene.



Trenarar:

Arvid Årseth  
Ove Hagerup Larsen  
Bjørn Kåre Rotnes  
Arne Lesto  
Roger Nedrebø  
Ken Fagerli  
Lena Årseth  
Inger Jorun Årseth

I tillegg har vi hyra inn ekstra hjelp til merkeprøver og nokon andre treningar.

Tal:

14 treningar  
27 deltakarar fullførde heile sesongen, 38 var påmeldt frå starten.  
13 bestått puttemerke  
11 bestått bronsemerke  
Treningsavgift kr 500,-

For Barn og Golf i Sunnfjord Golfklubb,  
Arvid Årseth

### Juniorgolf

Treninga starta 31. mai og hadde avslutning 10. september. Totalt vart det helde 14 treningar som fann stad måndagar frå kl. 18.00 til 20.00. Det vart ikkje helde trening i veke 27 og 28 på grunn av ferie.

Pris for treninga var kroner 500,- Juniorane fekk eit aktivitetshefte og regelboka golf i tegninger og bobler. På avslutningsfesten vart det levert ut ein buff til kvar, sponsa av Sparebanken Sogn og Fjordane

Åtte barn deltok på treningane. Aldersspennet var frå 10 til 13 år. Treningsopplegget vart henta frå ideheftet for aktivitetsledere og aktivitetsbanken.no. Underteikna var ansvarleg for treninga og hadde i all hovudsak treningane aleine, men hadde hjelp på tre treningar (Donovan, Lena, Eva og Jan).

Nivået og utviklinga på juniorane var svært ulikt. Nokon hadde spelt golf ei tid, andre hadde gått på barn og golf treningane i fjor, medan det for andre var første gangen dei tok i ei kølle. Godt oppmøte før og etter sommarferien, og barna såg ut til å like seg. Dei fleste var opptekne av å få golfkortet slik at dei kunne spele på bana.

For Juniorgolf i Sunnfjord Golfklubb,  
Inger Jorun Årseth



## Handicapkomiteen

Ved årsrevisjon i GolfBox for handicap-status for medlemmene i Sunnfjord GK var det ved utgangen av året 200 (begge kjønn) som hadde etablert handicap, og 152 med klubbhandicap/golfkort.

Sortert på kjønn og handicapkategori, er det følgjande fordeling:

Hcp.kategori	Frå - til	Kvinner	Menn
1	-4,4	0	1
2	4,5 – 11,4	0	9
3	11,5 - 18,4	1	39
4	18,5 - 26,4	4	50
5	26,5 - 36,0	14	82
Etablert hcp (36 eller lågare)		19	181
Klubbhcp/golfkort		51	101

Talet på medlemmer (begge kjønn) med etablert handicap har auka med fire. Det har vore ei auke på fire herrar med etablert handicap, medan talet på kvinner er uendra frå i fjor.

Det har vore ei markant auke i tal herrar i kategori 3, og Sunnfjord GK kan no skilte med 50 spelarar (inklusive ei kvinne) med handicap 18,4 eller betre. Dette representerer ein gledeleg oppgang på 35 prosent frå året før. To herrar har bevega seg frå kategori 3 til 2.

For handicapkomiteen,  
Ole Jacob Bye



## Turneringskomiteen 2010

Thomas Fraas (leiar), Arnar Helgheim, Donovan Goosen og Odd Anders Vie.

**Målsetjinga til komiteen er å lage eit turneringsopplegg med "noko for ein kvar smak". Når vi sjekka GolfBox etter sesongen, finn vi 39 registrerte turneringar med stort sett god deltaking. Flotte banetilhøve gjorde det til ein ekstra fin sesong. Her er ei oppsummering av turneringsåret 2010.**

### Sesongopning 8. mai

"Vårspretten" var ei scrambleturnering over 18 hol. Veldig kjekt at så mange var med på sesongopninga! Heile 9 lag med 4 spelarar på kvart lag! Vinnarlaget bestod av Omar Ismaili, Jan Hansen, Arnar Helgheim og Donovan Goosen.

**ESSS-ligaen**

Turneringsnamnet vart utvida med ein ny "S". Vi tykkjer det er veldig bra at Selje også er med. I år var dei med i ESSS-ligaen saman med Sunnfjord, Nordfjord og Sandane. Turneringa går med ei runde på kvar av klubbane sine baner. I klasse "A" tel brutto score for dei 3 beste av 4 spelarar i kvar runde medan det er netto score som tel i klasse "B".

Første runde var på Sandane den 23. mai medan finalen gjekk hjå oss den 4. juli. Sunnfjord vann A-ligaen i 2010 medan Nordfjord var sterkast i B-ligaen. Takk til alle spelarane som representerte Sunnfjord i ligaen og til dei andre klubbane for veldig fine turneringsdagar!

**Sunnfjordserien**

Vi hadde sett opp 6 innleiande turneringar der dei 4 beste var teljande. Avslutninga var eit "playoff" med 3 turneringar. Dei 2 beste talde og gav i tillegg dobbel poengsum. Til saman var 47 spelarar med i ei eller fleire av rundene!

Vinnarar i Sunnfjordserien 2010:

- Herrar A: Stig Sunde
- Herrar B: Torbjørn Drage
- Herrar Senior: Jan Hansen



*Ei solid juniorgruppe deltok på klubbmeisterskapen (f.v): Daniel Nilsen, Marcus Gamborg, Martin Hjelle og Omar Ismaili.*

**Laurdagsgolf**

Dei fleste laurdagar der det ikkje var andre turneringar, arrangerte vi også i år "Laurdagsgolf". Dette har vore our lag same opplegg dei seinaste sesongane. Spesielt tidleg i sesongen var det god deltaking med ca 20 stk på kvar av dei 4 første turneringane. Siste laurdagsgolf vart arrangert 18. september med 6 deltakarar.

**Audi Quattro Cup 12. juni**

Arrangert av Berge & Co med Arvid Årseth og Hans Jørgen Sælen i spissen. 26 spelarar utgjorde 13 lag der minst ein frå kvart par er Audi-eigar. Stig Sunde og Thor Olav Andersen hadde 40 poeng og tok ein klar siger. Dei fekk dermed sjansen til å spele landsfinalen på Oustøen.

**Nordea Pairs 19. juni**

11 par konkurrerte i denne turneringa. I ei svært jamn turnering gjekk sigeren til Jan Furelid og Rune Furelid som hadde 38 poeng.

**DN Golf 23. august**

Dette er ei parturnering som vart spelt i 2 klassar med 6 par i kvar klasse. I klasse A gjekk sigeren til Donovan Goosen og Ole Jacob Bye. Karl Øystein Haug og Kristian Haugen vann klasse B.

**Klubbmeisterskap 14. og 15. august**

Som vanleg gjekk klubbmeisterskapen over 36 hol laurdag og søndag.

- Herrar A: Donovan Goosen
- Herrar B: Kristian Haugen
- Herrar Senior: Aksel Hovland
- Damer: Ingrid Stavang
- Junior: Martin Hjelle
- Geir Huus minnepokal (beste resultat): Donovan Goosen



*Klubbmeister Donovan Goosen*

**Klubbmeisterskap match**

Dette var ei nyvinning i fjor og med gode tilbakemeldingar vart det KM match også i 2010. Dei 16 beste uavhengig av klasse I klubbmeisterskapen kvalifiserte seg til matchspelet. Finalen vart svært spennande og det stod likt etter 18 hol mellom Aksel Hovland og Ole Jacob Bye. Haustmørket gjorde at dei laut ta neste dag til hjelp og på det 22. holet avgjorde Aksel Hovland!

Dei 8 som rauk ut i første runde av KM match gjorde opp om B-siger. Her vann Bjørn Egil Holmøyvik med 3 opp og 1 hol igjen mot Odd Anders Vie.

**Klubbmeisterskap match - junior**

Vi arrangerte også ei match-turnering for junior med 8 deltakarar. Martin Hjelle vann finalen med siger 5/4 mot Bertil Hamar. Veldig kjekt med god deltaking og svært mykje godt spel i juniorklassa!

**Fylkesmeisterskap 12. september**

I år var det Sunnfjord GK som hadde gleder av å invitere spelarane frå heile fylket til fylkesmeisterskap. Med veldig fine forhold på bana, så var det ekstra kjekt å arrangere meisterskapen.

Fylkesmeistrane 2010:

Herrar: Donovan Goosen, Sunnfjord GK  
Herrar, junior: Sigmund Bjørgan, Stryn GK  
Herrar, senior: Aksel Hovland, Sunnfjord GK  
Damer: Lena Årseth, Sunnfjord GK



*Fylkesmeistrane 2010 (f.v): Sigmund Bjørgan, Donovan Goosen, Lena Årseth og Aksel Hovland.*

**Avslutningsturnering 25. september**

23 deltakere var med i stablefordturneringa. Helge Skudal avslutta sesongen med eit kjemperesultat på 44 poeng og klar siger!

**Premiar på avslutningsfesten 25. september**

Turneringskomiteen ved Armar Helgheim og Donovan Goosen delte ut premiar frå Klubbmeisterskap og Sunnfjordserien. I tillegg har vi eit par andre årvisse utmerkingar: Mest forbetra golfar: Marcus Gamborg. Ivrigaste golfar: Helge Skudal.



*Helge Skudal*

**Turneringar utanfor klubben**

Sjølv om dette ikkje kjem under turneringskomiteen sitt område vil vi nemne deltakinga på lag-NM.

Sunnfjord GK stilte lag både i lag NM for junior og herrar.

5 juniorar var med i 2. divisjon av lag-NM på Mjøsen GK den 30. juni og 1. juli. Spelarane gjorde ein veldig fin figur i debuten og dei som var med var: Omar Ismaili, Marcus Gamborg, Bertil Hamar, Martin Hjelle og Sondre Andenes. 17. og 18. juli gjorde Bjørn Egil Holmøyvik, Donovan Goosen, Ole Jacob Bye og Odd Anders Vie ein fin figur i ruskeveret på Solastranden GK.

Vi nemner også at Ewa Sonesson, Inger Jorunn Årseth og Lena Årseth var med på Ladies Tour på Fana GK og Bergen GK 17. og 18. juni. Særleg andre dagen på Bergen GK leverte alle gode resultat.

Turneringskomiteen tykkjer det er svært positivt at Sunnfjord GK sine spelarar deltek på slike turneringar! Dette er fine utfordringar for den enkelte og det er med på å vise fram klubben vår. Vi håpar denne utviklinga held fram!

**Vi takkar for ein spennande konkurransesesong på ei veldig fin bane!**

På vegner av turneringskomiteen  
Armar Helgheim



## Styret

### Medlemsoversikt

Sunnfjord Golfklubb har ved årsskiftet 422 medlemmer, av disse er 256 aktive barn, juniorar og vaksne. Resten av medlemmene er passive og Long Distance- medlemmer.

Ved forrige årsskifte var talet på medlemmer 453, av disse 319 aktive.

### Aktivitetsoversikt for spel på bana

#### Sesongen 2010

	Medlemmer	Gjester	Total
April			
Mai	578	23	601
Juni	723	50	773
Juli	812	78	890
August	711	40	751
September	559	15	574
Oktober	110	3	113
November			
Sum	<b>3493</b>	<b>209</b>	<b>3702</b>

#### Sesongen 2009

	Medlemmer	Gjester	Total
April			
Mai	376	54	430
Juni	715	37	752
Juli	638	107	745
August	746	32	778
September	265	7	272
Oktober	83	3	86
November	2	0	2
Sum	<b>2825</b>	<b>240</b>	<b>3065</b>

Talet på runder totalt viser ei gledeleg auke på 21 prosent frå året før. Gode speleforhold tidlig i sesongen gav gode besøkstal. Vi registrerer ein nedgang i talet på gjesterunder, men trur noko av årsaken kan vere dei dårlege tilhøva som prega 2009-sesongen. Forhåpentlegvis har ryktet om dei gode tilhøva i 2010 spreidd seg, slik at ein del av dei som vart skremde året før tar turen tilbake.

Vi gjentek at alle MÅ registrere seg før spel! Uregistrert spel førekjem fortsatt i altfor stor grad.

### Sponsorar (i 2010)

Verdi over 25.000 kr. pr.år:

Sparebanken Sogn og Fjordane, Rica Sunnfjord Hotell, Berge & Co, Deloitte, Gjensidige, Jølstrholmen, Avishuset Firda og Stein Arne Sunde.

Verdi 12.000 kr. - 25.000 kr pr. år:

Sunnfjord Energi, Førde kommune og Jølster kommune.

Verdi 6.000 kr. - 7.000 kr pr. år:

Firda Billag/Fjordane Reisebyrå, Bravida, Steinriket og Fjordane IT.

Klubben ynskjer å tilby sponsorane aktivitetar på anlegget. Arbeidet med å fylgje opp og skaffe nye sponsorar må prioriterast også i tida som kjem.



## **Bana**

Sjå også årsmeldinga frå baneutvalet.

Greenkeeper-funksjonen har i 2010 blitt fylt av Leiv Årseth og Donovan Goosen, i tillegg til ein innleigd person i to sommarmånader. Leiv Årseth har sagt seg villeg til å ta eit nytt år som baneansvarleg, og ein må understreke at klubben er heilt avhengig av den jobben Leiv gjer.

Styret henta i august 2009 inn prisoverslag for kunstgrasgreenar fra to leverandørar. 2000 kvadratmeter til 10 greenar kjem på cirka 1,2 millionar kroner, forutsatt at grunnarbeidet gjerast sjølv. Kunstgras er truleg er ein nødvendighet på bakgrunn av dagens usikre banetilhøve. Finansieringa er problemet.

## **Heimesida**

Heimesida vart endra i 2008, og har gått seg til i løpet av 2009 og 2010. Terminliste og turneringsresultat vart raskt oppdatert gjennom heile sesongen.

## **Tillitsvalde**

Sunnfjord Golfklubb har ikkje avgitt tillitsvalde til regionale eller sentrale idrettsorganisasjonar.

## **Dugnadsinnsats**

Klubben vidareførte i 2010 opplegget frå året før med moglegheit for medlemmene å spreie dugnadsinnsatsen utover heile sesongen. I tillegg til nokre fastsatte dugnadsdagar, kunne medlemmene ta på seg og utføre oppgåver på anlegget når det passa dei. Det er herskar fortsatt ingen tvil om at klubben treng mykje hjelp på dugnadsbasis, og ein er glad for at dette opplegget fungerer godt. Samtlege involverte fortener ein stor takk!

Behovet for stor og jamn dugnadsinnsats vil også i høgste grad vere tilstades i 2011. Ein håper medlemmene viser like stor entusiasme og innsats i året som kjem.

\* Klubben gjev gratis rangeballar til alle som forplikter seg til et fast opplegg heile sesongen. Alle som yter ein dugnadsinnsats tilsvarande avgiftsbeløpet (7 timar), vil sjølvsagt kunne krevje refusjon av heile summen.

## **Møter/arrangement/kurs**

Lørdag 17. april arrangerte Sunnfjord GK temasamling om Veien til golf (VTG) i regi NGF. Dette er ein gjennomgang om nybegynneropplæringa for VTG-ansvarlege i klubbane. Representantar frå klubbar frå heile fylket samt Vildmarken GK i Hordaland møtte.

Avslutningsarrangementet vart for tredje året på rad arrangert på klubbhuset. I tillegg til hyggeleg sosialt samvere var det premieutdeling for mellom anna klubbmeisterskap og Sunnfjordserien.

## **Økonomi**

Regnskapet for 2010 (sjå vedlegg) viser at drifta gjekk i balanse. Dette er sjølvsagt positivt, men ein må fortsatt vere klar over at klubben likevel slit med ein anstrengt økonomi. Klubben betaler berre renter på lånet til Sparebanken Sogn og Fjordane, og er avhengig av banefondmidlar, dugnadsinnsats og svært oppofrande innsats frå baneansvarleg Leiv Årseth for å komme i mål.



Ein betring av økonomien vert ein utfordring også i 2011.

Hovudområde klubben må konsentrere innsatsen om:

- Auke medlemstalet og aktiviteten på bana
- Auke sponsorinntekter
- Få klubben med i eitt eller fleire prosjekt (med tilskot)
- Kostnadseffektiv drift av bana

### **Økonomisk tilskot/ klubb utvikling**

Klubben har søkt Sparebanken Sogn og Fjordane om midlar for eit prosjekt øyremerkt arbeid med barn og unge. Sunnfjord Golfklubb har, med støtte frå Jølster kommune og Sparebanken, arbeidd med å bygge ut eit tilbod for denne målgruppa, etter mal frå NGF (golf forbundet). Vi har no så god erfaring at vi vil ha golf for barn / ungdom som eit prioritert arbeid framover. Tanken er å starte eit prosjekt som skal gå over fire år, der vi startar med seksåringar som så får bli med i ein utviklingsstige som endar med Golfkortet.

I samband med den planlagde aktivitetsparken på Hafstad i Førde har klubben stilt på møte for å presentere planar og skisser til eit golfområde. Vi føler ideane vart godt tatt imot, og er spent på den vidare utviklinga.

Alle medlemmer oppfordrast til å bidra med idear og kontaktar som kan få Sunnfjord GK involvert i gode prosjekt.

### **Framtidig utvikling**

Styret styrte i 2010 etter langsiktige mål som kan oppsummerast slik:

1. Skape eit inkluderande og godt sosialt miljø i klubben der alle tar ansvar og kjenner seg velkomne
2. Få medlemmer med grønt kort aktive på bana og i klubben
3. Auke medlemstalet, og auke talet på aktive medlemmer som spelar på bana jamnleg.
4. Betre økonomien. ( ref. punktet over)
5. Fokusere på juniorar, finne vaksne i klubben i medlemsmassen som ser dette viktige arbeidet engasjerande.
6. Styrke golf-ferdigheitene til aktive medlemmer (coaching), støtte deltaking av klubben sine medlemmer når dei representerar Sunnfjord Golfklubb
7. Styrke den faglege drifta av klubben
8. Arbeide for å få fleire aktive kvinnelege golfspelalar
9. Marknadsføre klubben mot fylkeskommunen og kommunane Jølster og Førde
10. Vere klar for framtidig utvikling mot 18 hol når medlemsmassen er på plass.

- Sjå årsmøtesak nr 5 om framlegg om ny målsetting for Sunnfjord Golfklubb.

### **Særforbund**

Sunnfjord Golfklubb er medlem av Sogn og Fjordane Idrettskrins og Norges Golf forbund, og gjennom desse organisasjonane medlem av Norges Idrettsforbund.



**Sak 3**

**Rekneskap**

Sjå vedlegg 2

**Sak 4**

**Fastsetting av medlemskontingentar, speleavgift og dugnadsbetaling  
- Drøft omlegging av medlemskontingent og spelerett**

Sjå vedlegg 3

**Sak 5**

**Framlegg om ny målsetting for Sunnfjord Golfklubb**

Sjå vedlegg 4

**Sak 6**

**Budsjett 2011**

Sjå vedlegg 2

**Sak 7**

**Val**